



Protokoll årsmøte Voss idrottsråd 2019

Dato: Torsdag 1. oktober 2020

Tid: 19.00 – 21.00

Stad: Scandic Voss

Til stades: 15 (13 røysteføre)

Gjest frå Vestland idrettskrets: Anne Kristine Aas

Innkalling

Vedtak: Innkallinga vart godkjend

Val av møteleiar

Framlegg om Olav Farestveit

Vedtak: Olav Farestveit

Val av referent

Vedtak: Anne- Karin Dugstad

Val av underskrivarar av protokoll

Vedtak: Silje Skorve Paulsen og Erling Midttun

Godkjenning av årsmelding for 2019

Vedtak: Årsmeldinga vart godkjend

Rekneskap for 2019

Vedtak: Rekneskapen vert godkjend

Inkomne framlegg:

Det var ikkje kome inn framlegg frå idrettslaga til årsmøtet. Styret har fått innspel på ulike saker i haust. I tillegg har styremedleme sjølv teke opp saker som dei ynskte fremja for årsmøtet. Olav Farestveit og Anne-Karin Dugstad orienterte om desse sakene. Fylgjande uttaler vert sendt vidare til rette vedkomande med tilslutning frå årsmøtet.

- Uttale om reguleringsarbeidet knytt til Sentralidrettsanlegget
- Uttale om dei økonomiske vilkåra til idretten i Voss herad
- Innspeil til ny reguleringsplan for Grevlesstølen

- Uttale om tilbodet for toppidrett innan ski ved Voss gymnas

Budsjett:

Vedtak: Framlegg til budsjett vart vedteke

Handlingsplan

Olav Farestveit gjekk gjennom handlingsplanen. Denne inneholder saker som ein arbeider med kontinuerleg.

Vedtak: Handlingsplanen vart vedteke

Val til nytt styre

Leiar: Olav Farestveit	Voss il. (attval for 1 år))
Nestleiar: Anne Karin Dugstad	Il. Ørnar (attval for 2 år)
Sekretær: Renate Lunde	Voss il. (ikkje på val)
Kasserar: Gry Bystøl	Voss MTB - klubb (erstattar Asgeir Løno som gjekk av no)
Styremedlem: Svein Oscar Moseide	Voss kajakklubb (ikkje på val)
Styremedlem: Trond Syvertsen	FBK Voss (2 år)
Varmedlemer: Mildrid Sandvik	Voss kajakklubb (2 år)
June Jansson	Voss MTB- klubb (2 år)

<u>Kontrollutval:</u>	Terje Eide	Bjørgum il. (attval for 2 år)
	Nils Inge Håland	Voss il. (ikkje på val))

<u>Valnemnd:</u>	Silje Skorve Paulsen	Voss kajakklubb
	Einar Melve	FBK Voss
	Erling Midttun	Hardanger handbakkklubb

Underskriving av protokoll:

Silje Skorve Paulsen	Voss kajakklubb
Erling Midttun	Hardanger handbakkklubb

YMSE:

På årsmøtet fekk me og orientering om følgjande saker:

- Arbeidet med Idrettens olympiade v/ Hanne Hedenstad
- Arbeidet med Superleikane v/ Nils Akselberg
- Hardanger handbakkubb v/ Erling Midttun

Sigr. S. Paulsen

Erlig Midttun

Årsmelding for Voss Idrottsråd 2019

Årsmøtet for 2019 vart avvikla 27. 05 2019 på Fleischers's hotel med val av nytt styre og funksjonstid.

Styret har konstituert seg sjølv unnateke leiar og nestleiar.

Leiar	Olav Farestveit	Voss IL	1 år (2019)
Nestleiar	Anne Karin Dugstad	IL Ørnar	2 år (2018)
Sekretær	Renate Lunde	Voss IL	2 år (2019)
Kasserar	Asgeir Løno	IL Ørnar	2 år (2019)
Styremedlem	Einar Melve	FBK. Voss	2 år (2018)
Styremedlem	Svein Oscar Moseide	Voss Kajakkklubb	2 år (2019)

Vara-medlemmer har møtt

Gry Bystøl	Voss MTB klubb	2 år (2020)
Andreas Heimli	Voss Kroppsfykjarlag	2 år (2020)

Revisor	Terje Eide	Bjørgum IL	2 år
Revisor	Nils Inge Håland	Voss IL	1 år

Styret har fordelt nokre arbeidsoppgåver slik:

- Sekretærfunksjonen har vore ivaretaken av Renate Lunde.
- Leiar har delteke i møter i Brukarrådet for Voss Idrottsplass.
- Asgeir Løno har vore kasserar.
- Styret har delegert mynde til leiaren for å handsama fortløpande saker som er referert til heile styret via e-post.

Arbeidet i Styret.

Styret har i løpet av 2019 avhalde 6 styremøter forutan Årsmøtet.

Voss Kommune sin idretts- og friluftscoordinator har vore invitert og delteke på styremøter.

Olav og Anne Karin har vore med i Styret i Idrettens Olympiade.

Olav og Anne Karin har vore med i Voss Kommune sitt sti- og løypeutval.

Anne Karin var med på Idrettscruise i regi av HIK.

Anne Karin, Einar og Tore Tvilde var med på tinget til HIK og Vestland Idrettskrets.



Olav og Einar har vore med i brukerrådet for idrettsplassen og referansegruppe for reguleringsplanen for sentralidrettsanlegget.

Medlemsmasse i VIR

Det er i alt 46 lag som samla utgjer Voss Idrottsråd, og som alle er tilslutta Norges Idrettsforbund og Hordaland Idrettskrets.

Vi reknar med at det i laga er tilsaman ca. 8370 medlemskap innan Voss kommune, noko som tilsvrar ca. 60 % av folkesetnaden, medan snittet i Hordaland er ca. 42 %. Men det er nokre store lag som t.d Voss Fallskjermklubb og Voss Golfklubb som har mange medlemmer som ikkje er busette på Voss.

Kontingent for medlemskap i VIR

Dette vart vedteke på årsmøtet i 2018 at kvart lag betaler inn kr 5 pr. medlem og dette vart vidareført i 2019.

I 2019 betalte 37 lag inn 40525 kr.

Me har ikkje kravd inn medlemskap for 2020 på grunn av den økonomisk situasjonen er god og at Covid 19 tiltaka og gjort det verre for mange idrettslag. Men styret tilrår at denne ordninga held fram basert på aktivitet og økonomisk behov.

Aktuelle saker som har engasjert styret i VIR i 2019

Sentralidrettsanlegget.

Arbeidet med reguleringsplanen for sentralidrettsanlegget har vore viktig i arbeidet til VIR. VIR har sendt sine kommentarar i samband med oppstartingen av dette arbeidet.

Me har vore to representantar frå VIR i kommunen si referansegruppe. Basert på tre skisser har kommunen utarbeidd framlegg til reguleringsplanen. Denne har vore ute til offentleg ettersyn og VIR har gjeve sine kommentarar til planen. Planen er no iferd med å bli vedtatt.

Idrettens olympiade A/S

VIR tok i 2017 initiativ til å vurdere om det er mogeleg å arrangere Olympiske og Paralympiske leikar på Voss og Vestlandet. På bakgrunn av dette vart det etablert eit

selskap: "Idrettens Olympiade AS ". Dette selskapet var likt eigmenn av Voss Idrettsråd og Idrettsrådet i Bergen . Hordaland Idrettskrets kom inn som likeverdig medeigar.

Olav og Anne Karin har jobbe mykje med dette og heile styret har vorte oppdatert på styremøta.

Det viktigaste sakene kring OL-initiativet har vore

- Samarbeid og samordning med andre moglege søkerar i Norge.
- Arbeid opp mot idretts-tinget i 2019.
- Det etiske grunnlaget for arbeidet vårt.
- Samfunnssnytten av eit OL.
- Konkreteisering av arrangement.
- Kostnader med arrangementet.
- Skaffa oss midlar for å arbeida vidare.

Det er langs desse aksane me har konsentrert arbeidet gjennom året.

Me har forankra tankane våre i ulike delar av samfunnslivet, spesielt viktig i idrettens eigne organ. Her har me jobba både med lag, idrettsråd og på kretsniå, inklusivt sær-kretsar. Helge Johnsen (Leiar i Hordaland Idrettskrets) gjekk inn i styret.

Me har også jobba med kommunale politiske organ og med delar av næringslivet.

Me har knytt oss opp mot Para-idretten og me har vore pådrivarar for eit samarbeid mellom moglege andre søkerar i Norge.

For året 2019 var det viktig å jobba med å forankra tankane våre enda meir mot idretten sine organ på alle nivå. Spesielt viktig var det at Idrettstinget i mai 2019 gjorde eit vedtak om at vi kan jobba vidare mot ei realisering av eit vinter-OL i Norge .

Arbeidet har i all hovudsak vore finansiert gjennom gåver frå lokale og regionale bankar.

Bømoen

Etter at reguleringsplanen for Bømoen er trekt tilbake, har Voss kommune, og i samband med etablering av det nye heradet, arbeidd med ein ny kommunedelplan. Denne nye kommunedelplanen kjem til å verta lagt fram for det nye heradstyret i 2020 etter at han vore lagt ut for offentleg ettersyn.

VIR har hatt møte med administrasjonen som har gått gjennom planprosessen med styret og kva som ligg i det utkastet til kommunedelplan.



VIR har også hatt møte med Bømoløypa og vorte orientert om situasjonen, og gjennom styret har vi også fått god kjennskap til luftsporten sine interesser.

Ei vidare løysing her må basera seg på den nye kommunedelplanen og at Voss Idrettsråd må arbeida gjennom Voss kommune for å finna best moglege løysingar for idretten i Bømoen.

Samarbeid med Granvin

Me har etablert samarbeidet med Granvin Idrettslag, som ikkje har eige idrettsråd, og Eivind Djønne har vore observatør.

Nye anlegg.

- Voss Kajakkklubb arbeider med planar for auka aktivitet i nedre del av Vosso, kring Tvildemoen / Bryn.
- FBK Voss og Voss il arbeider sammen om å etablere felles «idrettens hus» som del av reguleringsplanen for sentralidrettsanlegget.
- Bakkenemnda i Bavallen arbeider med oppdragering av hoppbakken.
- I Voss Ski -og Tursenter arbeider ein med tilrettelegging av nye turløyper i fleire separate sløyfer for trim og turbruk både for lokal busetnad og for hyttefolket i bygda.

Vedlikehald av idrettsanlegg.

Laga og anleggseigarar har ei viktig oppgåve med å halde ved like dei ulike anlegga i kommunen.

Forutan stor eigeninnsats gjev Voss kommune økonomisk stønad til dei største anlegga både for vinter- og sommaranlegg. Me arbeider med å få auka denne støtta.

Friluftsliv

VIR har delteke i Voss kommune sitt sti- og løypeutval.

- **Bakgrunn for arbeidet**

Planstrategi for Voss kommune, 2017-2020, legg opp til at det skal utarbeidast ein sti- og løypeplan for Fjellheimen villreinområde.

Interkommunal plan for Fjellheimen villreinområde 2016-2027 har eit tilsvarande tiltak i sitt handlingsprogram.

Granvin herad har er omfatta av sti- og løypeplan .

Formål med planen

- Fremje friluftsliv og folkehelse ved å tilrettelegge ski- og turløyper
- Ivarta viltinteresser - m.a. villreinstammene og sårbare område
- Kartlegge og avvege ulike interesseområde.
- Utarbeide kart og retningsliner for bruk av utmarksareala

Planer er no ferdig og sendt vidare for politisk handsaming

Temakveldar

25.09 **Økonomi- og rekneskapskurs** var i to bolker; ein for lover og regler, og en for meir praktisk rekneskapsforståing. Rekneskapsregler for idrettslag, ha god oversikt og forståing for viktige økonomistyrings- og rapporteringsrutiner var målsettinga. Gode tilbakemeldinger og godt frammøte, omlag 25 møtte.

4. 11. kom Espen Tønnesen til Voss gymnas for å snakke om barne- og ungdomsidrett. Det møtte fram kring 50. Det har vore gode tilbakemeldingar på tilskipinga og idrottsrådet vart oppmoda om å lage fleire møter kring dette temaet. Kanskje er det mogleg ved å nytte eigne krefter.

Om LAM-midlar

Norges Idrettsforbund har også i år gjeve tilskot til alle laga som er registrert i NIF. I 2018 vart laga i Voss kommune tildelt kr. 1 053 794 som så vart fordelt på antal medlemer etter same fordelingsnøkkelen som før, og der kriteria er aldersgruppene 6-12 år og 13-19 år.

Om spelemidlar.

Søknadssum for ordinære anlegg i 2018 gjekk ned til 58 mill, dette fordi mange anlegg fekk tildelt midlar i 2018. Nærmiljøanlegg får i snitt tildelt 51% av søknadssum, medan ordinære anlegg ligg på 19% tildelt av søknadssum i 2018.

Etterslepet på tildeling av midlar er mindre på grunn av at Vossababet, Voss Vidaregåande skule og Voss Gymnas er no komne på søknadslista med sine nye anlegg.

VIR har påpeika at det årleg må løvvast ca 15 mill kr. til anlegg i Voss dersom alle anlegga skal få sine midlar i løpet av ein 5 års periode. Dei fleste anlegg på Voss søker no for tredje gong.

Kulturdepartementet opererer i sine statistikkar med gjennomsnittleg ventetid på ca 3 år.

Edvard B.Hegboms minnefond.

For 2019 vart det etter framlegg frå laga delt ut heiderspris under høgtida av 17.mai på Voss Idrottsplass. Arne Hauso vart tildelt Heidersprisen

Highland-Staupet og Idrettsstipend

VIR fremja også i år kandidat til Highland-staupet som er ei utmerking for beste prestasjon innan vinteridretten siste sesong.

VIR fremja også kandidat til idrettsstipend

Tilskot til utdanning av trenrarar.

Styret har for 2018/2019 delt ut tilskot til trenrarar og leiarar.

Voss IL turn, Voss golfklubb, Fotballklubben Voss og Kajakklubb fekk alle kr 6000 kr.

Idrettsrådet sin funksjon.

Idrettsrådet sin funksjon og arbeidsoppgåver er nedfelt i Lova og ein av dei primære funksjonane er å vere talerøyr for alle laga i VIR, bistå med råd og rettleiing, samt å vere bindeledd mellom lagslivet og kommunen.

Dette har som føresetnad at laga nytta seg av mogelegheita samt å vise engasjement i høve VIR si rolle i lokalsamfunnet.

Her vonar noverande styre at engasjementet for VIR vil auke ytterlegare.

Det å ha styreverv i VIR medfører personleg engasjement og krev at ein er tilstade både i møter og andre samanhengar og bidreg i arbeidsoppgåvene som er tillagt styrefunksjonen. På basis av årsmøtevedtak er det utbetalt av eit beløp på 25.000.- kr. som godtgjersle for dette engasjementet som skal fordelast i høve arbeidsmengde og innsats.

Styret for 2018 tilrår at dette held fram.

Handlingsplan 2020.

1. Styret for VIR skal fordela arbeidsoppgåvene og laga ein møteplan tilpassa lokale saker / fråsegner som skal handsamas i MKU
2. Utvikla samarbeidet med Voss herad i samsvar med Samarbeidsavtalen og ha regelmessig kontakt med idrett- og folkehelsekoordinatoren
3. I samarbeid med Brukar-rådet for Voss Idrettsplass og aktuelle brukarlag vera ein pådrivar i utviklinga av ny reguleringsplan for sentral-idrettsanlegget i Prestegardsmoen herunder nytt arenahus på sentral-idrettsanlegget.
4. VIR skal aktivt arbeide for idretten opp mot Voss herad for å sikre interessene og rammevilkåra til idrettslaga på Bømoen. Framdrift og status skal kommuniseres til idrettslaga. Voss idrettsråd skal tydeliggjøre sitt standpunkt i Bømoensaka.
5. Arbeida for at idretten får tilgang til dei kommunale og fylkeskommunale Idrettsbygga herunder Vossabadet på vilkår som er i samsvar med NIF si målsetting om fri bruk for born og unge under 19 år.
6. Arbeide for at Voss herad gjennom budsjettahandsaming gjev drift- og vedlikehaldsmidlar til både sommar og vinteranlegg i tråd med kostnadsutviklinga.
7. Samarbeida med alle laga i VIR herunder utvikla kommunikasjon- og informasjonsarbeid der Vestland idrettskrets er ein viktig organisatorisk medspelar (Kfr Lova for VIR). Vurdere om me skal etablere ein «aktivitetstidag» for idrettslaga i heradet.
8. Styrka kontakten med laga. Hjelpa til med omsyn til støtte til anlegg og drift.
9. Støtta arbeidet i «Idrettens Olympiade a/s» om eit framtidig Vinter Paralympisk og OL på Vestlandet.
10. Delta på konferansar og møter i regi av Vestland Idrettskrets.
11. Arbeida for friluftsinteressene i Voss herad med gode stiar og løyper
12. Arbeide for å utvikle og støtte eigenorganiserte lågterskeltilbod, som til dømes Voss aktivitetspark.

Budsjett for Voss Idrottsråd 2020

	Dato	Tekst	Inntekter	Utgifter
3				
4		Inntekter:		
5		Tilskot mku	kr 70 000,00	
6		Renter, utbytte	kr 200,00	
7		Kontingent idrettslag		
8				
9		Utgifter:		
0		Div.utgifter Kontor/møter		kr 10 000,00
1		Reiser		kr 15 000,00
2		Årleg arrangement		kr 25 000,00
3		* Trenarstøtte anna støtte til laga		kr 20 000,00
4		Styrehonorar		kr 20 000,00
5				
6				
7				
8				
9				
0				
1		Sub-total	kr 70 200,00	kr 90 000,00
2		Netto over/underskudd		kr (19 800,00)